

Styresak

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 15.08.2014

SAKSHANDSAMAR: Bjørn Ivar Bø

SAKA GJELD: Oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest RHF

ARKIVSAK:

STYRESAK: 090/14

STYREMØTE: 03.09. 2014

FORSLAG TIL VEDTAK

Valstyret for Helse Vest RHF, for valet i 2015, skal ha følgjande medlemmer:

- Aslaug Husa, konserntillitsvald for LO, Helse Stavanger - leiar
- Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Stavanger - nestleiar
- Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør, Helse Vest RHF

Innleiing

Styret i Helse Vest RHF kan ha inntil ti medlemmer. Inntil sju medlemmer blir oppnemnd av føretaksmøtet. Føretaksmøtet utpeikar leiar og nestleiar.

I tillegg skal dei tilsette velje tre styremedlemmer med vara medlemmer. Med utgangspunkt i de partsforhold som gjeld, deltek styremedlemmer som er vald av og blant dei tilsette ikkje i behandling av saker som gjeld arbeidsgivar si førebuing til forhandlingar arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakar organisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler.

Fram til det er halde nytt ordinært val av representantar av og blant dei tilsette, vil styret ha meir enn ein tredel representantar for dei tilsette.

Styremedlemmane blir oppnemnde for to år om gongen. Same funksjonstid gjeld for styremedlem vald av og blant dei tilsette, som skjer kvart anna år. Siste val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette var februar 2013.

Ved val av styremedlemmer av og blant dei tilsette skal det veljast tre styremedlemmer med vararmedlemmer jf. føretaksmøtet 7. januar 2014. Dette inneber det at tal styremedlemmer vald av og blant dei tilsette vil blir redusert i tråd med føretaksprotokollen av 7. januar 2014 frå og med mars 2015.

Fakta

I «Forskrift til helseføretakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseføretaks og helseføretaks styre» står det i § 8 at valet skal bli leia av eit valstyre. Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett. Valstyret skal vidare ha ein leiar og ein nestleiar. Det er styra i føretaka som skal peike ut valstyret.

Det er valstyret si oppgåve å fastsette datoen for valet. Valstyret skal kunngjere valdatoen med ein frist på åtte veker. Valstyret skal òg kunngjere om valet skal bli gjennomført som fleirtalsval eller som forholdstalsval. Det er valstyret si oppgåve å sjå til at innkomne forslag er i samsvar med lova og forskrifta, og om dei føreslåtte kandidatane er villige til å stille til val.

Valstyret vil ha ei funksjonstid frå oppnemninga av styret i Helse Vest RHF og til valet i 2015 er gjennomført og godkjent. Det er ei målsetting at valet skal vere gjennomført i starten av februar 2015.

Helseføretaka skal òg etablere eigne valstyre for gjennomføring av val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette som må starta hausten 2014 for å være i mål til starten av februar 2015. Det er ei målsetting at valprosessane i alle føretaka kan vere samkjørte, og at alle valstyra blir einige om ein felles valdato for valet i 2015, slik det har vore praktisert. Det vil også medverke til at det er felles prosessar for heile føretaksgruppa Helse Vest. Helse Vest IKT A/S gjennomfører val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette på eit anna tidspunkt enn resten av føretaksgruppa Helse Vest.

Konklusjon

Forslag til nytt valstyre for Helse Vest RHF, for valet i 2015, er:

Aslaug Husa, konserntillitsvald for LO, Helse Stavanger, leiar
Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Stavanger, nestleiar
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør, Helse Vest RHF

Valstyret sin funksjonsperiode er fram til valet i 2015 er gjennomført og godkjent.